



Sykkylven kommune
Rådhuset, Kyrkjevegen 62
6230 SYKKYLVEN

Saksbehandlar, innvalstelefon
Jorunn Mittet Eriksen, 71 25 84 10

Sykkylven kommune

Detaljregulering for Berli Boligtun

Fråsegn til ny avgrensa høyring og førespurnad om å trekke motsegn

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Vi viser til oversending datert 25.02.2021 med reviderte plandokument for detaljregulering for Berli boligtun. Statsforvaltaren fremja i brev av 14.02.2020 motsegn til planforslag ved 1.gongs høyring og offentlig ettersyn for tema støy og barn og unge. Statsforvaltaren har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

Støy

Revidert planforslag har svart ut mykje av dei momenta vi påpeika i vårt brev av 14.02.2020. Støysonene er tatt ut av plankartet. Det er satt konkrete krav til støyskjerm i føresegnene. Støyskjermen er sikra i plankartet. Der støyskjermen er samanfallande med plangrensa er det derimot vanskeleg å sjå skjermen. Vi rår til at ein ser om ein framstille dette på ein måte som gjer det tydelegare.

Det er vidare innlemma i føresegnene at minst 50% av støyfølsamt bruksføremål skal vende mot stille side. Ved første gongs planforslag var det krav i føresegnene at alle bueiningar skal vere gjennomgåande og ha minst eitt soverom på stille side.

Det er bra at det er konkrete krav til støy i føresegnene. Det er derimot framleis ikkje dokumentert at alle bueiningar har stille side og tilfredsstillande uteopphaldsareal. Føresegnene stiller krav om at balkongar og altanar skal skjermast med rekkverk på minimum 1,5 meter for å sikre tilfredsstillande lydtilhøve på private uteareal. Det går fram av støyrapporten at ein ikkje har verktøy for å berekne nøyaktig kor høg skjermen på balkong må vere for å gje tilfredsstillande støytilhøve. Det er ikkje sett ei avgrensing for kor høg støyskjermen kan vere i føresegnene. Vi er uroa for at dette kan gje eit

uteoppshaldsareal som er så skjerma at det ikkje blir eigna som uteoppshaldsareal lenger, fordi skjermen blir så høg at det blir tilnærma ein lukka/innglassa balkong.

Statsforvaltaren ser ikkje at planforslaget dokumenterer at alle bueiningane kan oppnå stille side eller eigna uteoppshaldsareal. Vi ber om at dette blir dokumentert. Vi **opprettheld motsegna** til støy til dette er gjort.

Barn og unge

Med dei endringane som er gjort i revidert planforslag vurderer vi at reguleringsplanen tilstrekkeleg sikrar eigna leikeareal jf. punkt 5 i *Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unge sine interesser i planlegginga*. Vi kan difor **trekke motsegna** vi fremja av omsyn til barn og unges interesser.

Konklusjon

Statsforvaltaren **trekk motsegna** vi fremma av omsyn til barn og unges interesser i brev av 14.02.2020.

Vi ser derimot ikkje at planforslaget dokumenterer stille side og eigna uteoppshaldsareal. Inntil dette er dokumentert **opprettheld vi motsegna** vi fremja grunna manglande avklaring av støy.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef-plansamordning

Jorunn Mittet Eriksen
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Kopi til:

Møre og Romsdal fylkeskommune
Statens vegvesen

Fylkeshuset
Postboks 1010 Nordre Ål

6404
2605

Molde
LILLEHAMMER